# MENIGHETSBLAD

## FOR ORKDAL PRESTEGJELD

Nr. 2 | FEBRUAR 1952 | 2. årg.


# *Kva skal eg gjera med Jesus, han dei kallar Messias?*

Mt. 22.

Spørsmålet er like brennaktuelt for alle tider og for alle menneske. Når dette vesle kravlause bladet ikveld kjem med dette spørsmålet til d e g, så skuv ikkje spørsmålet frå deg denne gongen.

Kva skal eg gjera med Jesus? Pilatus ville helst inkje ha gjort. Men ingen slepp unna. Så sporte han hopen og fekk svar frå hopen. Og hopen har alltid hatt same svaret: Bort med han! Kristen tradisjon vil veta, at Pilatus aldri meir fekk ein sæl dag og at han enda sine dagar på same måten som Judas.

Kva skal eg gjera med Jesus? Når spørsmålet kjem til deg, så spør ikkje hopen. Spør først di eiga arme, fredlause sjel. Har ikkje di naraktige sjølvovervurdering gjort deg reint blind, ser du avgrunnen mellom ditt liv og ditt huglag og hans liv og hans huglag, som Gud sjølv einast hadde hugnad i. Steller du deg ansikt til ansikt med han som ikkje berre sa: Ver fullkomen likesom far dykkar i himmelen er fullkomen, men sjølv var fullkomen, ja han som døde for deg som var fienden hans. Då blir du «så langt tilbake». Opplever du denne avgrunnen mellom deg og han, då spør du ikkje lenger: Kva skal eg gjera med Jesus? Då blir spørs-

målet: kva gjer han for meg. Og svaret på det spørsmålet finn du under korset: Han døde for deg. Du opplever di avmakt og hans allmakt, di synd og hans nåde. Då er det berre eitt å gjera for deg: i tru å ta imot han som din herre og frelsar. Det er det einaste du har å gjera, det einaste du **kan** gjera. Alt det andre har alt han gjort.

Kva tykkjer du om Jesus Krist
Å syndar tak då ikkje mist
når du skal svaret gjeva.

**A. Skrondal.**

---

## «Gammelkyrkja» i Orkdal.

Frå aller eldste kristentid var Orkdal prestegjeld delt i to kyrkjesokn: Sjølve Orkdal og Skaun. Kyrkja i Orkdal vart nemnd Grøtar eller Grjotar kyrkje, den andre Skaunarkyrkja. Begge var steinkyrkjor. Når dei var reist, veit vi ikkje vist. Etter stil og byggjemåte meiner då sakkunnige at gammelkyrkja i Orkdal må vera reist omkring år 1200, helst i kring 1180 - 90. I så fall var kyrkja reist i erkebiskop Eystein Erlendssons erkebispetid.

Han var ein av dei mest merkelege og mest dugande menn som har sete på erkestolen. Han kom i strid med kong Sverre og måtte røme til England, der han heldt seg frå 1180 - 1183. Han var byggmeister og lovgjevar i stor stil. For nokre år sidan fann ein på kyrkjegarden i Orkdal kunstnerisk tilhogde steinar med steinhoggarmerke. Dette tyder på at det er **fagfolk** som har hogge profilane i portalane i gammelkyrkja. Mange av steinane frå gammelkyrkja syner stor stilistisk likskap med steinhoggararbeidet i Domkyrkja.

Jamvel for ein lekmann er det lett å sjå at stil, ornamentering i gammelkyrkja må ha vore heilt i samsvar med stil og ornamentering i Nidarosdomen. Steinslaget i portalane har og vore det same som i Domkyrkja. Anten må



kunsthandverkarar ha vore på åstaden, eller så har desse steinane vore hogne inni byen og førde herut på båt.

I få bygder ligg kyrkja så vent til som i Orkdal. Anten ein kjem austantil over Sundlibakkane, vestantil over Fossjåren - Slettaunbakkane, nedanfrå Øra eller ovantil frå bygda, møter auga denne staden. Stadnamn som Ferjestad og Forve på vestsida av Orkla, seier oss at her har vore utgamal overfart over elva.

Gammelkyrkja vart diverre riva i 1892 og det vi no har att er portalen i prestesakristiet og nokre kapitéler som i seinare år har vore samla rundt på kyrkjegarden. Og soga «har glemt hva hun viste». Det einaste som er att frå gammeltida er den minste klokka i tårnet. Frå 1585 hadde kyrkja berre ei klokke. Ho stod i støpul - eige klokkearransjement ute på kyrkjegarden. Denne eldste klokka har ikkje noko årstal. Men ho har tri ornament: eit vanleg kors, eit solkors og ein ring med kors inni og ein triarma ljosestake, endeleg bokstavane LB. Denne klokka er lite avpussa, men har ein sers' sølvrein tone.

Storklokka er omlag 0,85 m. høg 0.84 m. i tverrmål og har denne innskrifta: Querite Dominum duum invenire potest. Esa 55 (d. e. Søk Herren, medan han er å finna). Ano 1585. Erlig vel børig man Christen Friis og Frau Mette Hardenberg. Hans Lauresen F. (F. d .e.: gjorde den). Storklokka er såleis ei gåve frå den kjente lensherren, Christen Friis som var sjelen i den såkalla «throndhjemske Reformats» 1589. **A. Skrondal.**

---

**Kirkelig årsstatistikk for Orkdal prestegjeld 1951.**

Fødte Orkdal 242, derav utensokns 144. Orkland 39. Orkanger 52.
Døpte: Orkdal 83. Orkland 34. Orkanger 60.
Konfirmerte: Orkdal 49. Orkland 26. Orkanger 31.
Ekteskaper ved kirkel. vigsel: Orkdal 32. Orkland 13. Orkanger 28.
Ekteskaper borgelig stiftet: Orkdal 1. Orkland 0. Orkanger 1.
Nattverdgjester i kirken Orkdal 449. Orkland 133. Orkanger 197.
Jordfestede Orkdal 44. Orkland 4. Orkanger 19.
Innk. ved offer og kollekt i kirkene: Orkland kr. 923.31. Orkanger kr. 1503.32.

*Menighetsblad for Orkdal prestegjeld:*
**Utgitt av Orkland sokneråd.**
Utk. hver måned unnt. i juli og august, og sendes gratis gjennom posten til alle husstander i Orkdal prestegjeld.
Kontingent ellers kr. 4.- pr. år.
Redaktør: **Res. kap. Leergaard.**
Medvirkende: **Prost Skrondal og pastor Olsen.**
Hovedkasserer: **lærer Nils Ofstad.**
Menighetsbladets trykkeri: Svorkmo Prenteverk.

## *Vårt menighetsblad.*

Det er det tredje nummer av bladet som nå sendes ut. Det har fått en god mottagelse og vi som gir det ut er glad for det. Det er behov for et slikt blad og vi vil gjerne fortsette. Men skal vi kunne makte det, trenger vi økonomisk støtte.

Bladet trykkes i et opplag på 2500 eks. og sendes gratis gjennom posten til alle husstander i prestegjeldet. Takket vår lille startkapital og ikke minst innehaveren av Svorkmo Prenteverk, herr Bredesen, har det hittil kunnet la seg gjøre. Men det er klart at i det lange løp går det ikke på denne måte; det ville være å trassere for sterkt på herr Bredesens velvilje.

Skal bladet være gratis, må vi ha hjelp utenfra. Vi er derfor så fri å rette denne inntrengende appell til alle enkeltpersoner i våre menigheter: vær så snild å være med å sikre bladets eksistens. Send oss Deres bidrag - stort eller lite - og De gjør en god gjerning.

Som vi nevnte i vårt første nummer, kan bidrag sendes til de oppnevnte kasserere innen hver enkelt menighet. Disse er: I Orkdal:

Soknerådets medlemmer: Arne Fagerholt, Signe Berg, Johan Hallsteinli, Helge Syrstad, Olav Solem, Nils Sølberg, Ingar Lund, John Skauge, Peder Stokkan og A. G. Nødtvedt.

Utenfor soknerådet: Ingvald Ringdal, John L. Solem, Edv. Sletvold, Rich. Togstad.

I Orkanger: Anton Hoff.

I Orkland: Jo Marius Asbøll, Marit Monset Berbu, John Fagerli, Nils Ofstad, Jørgen Lie og Anders B. Hoston.



De enkelte kasserere sender så bidragene videre til hovedkassereren som er lærer Nils Ofstad, Svorkmo.

Bidrag kan også mottas av prestene eller sendes direkte til bladets redaksjon, Svorkmo.

---

Utflyttede bygdefolk som ønsker bladet kan få det tilsendt mot en årskontingent av 4 kr. Abonnement tegnes hos kassererne eller i redaksjonen, Svorkmo.

---

## *Menighetsbevissthet.*

Vårt menighetsblad har som formål å vekke og styrke menighetsbevisstheten hos oss og være med å fremme det kristelige og kirkelige liv i våre menigheter.

Men hvad er «menighetsbevissthet?» Det er bevisstheten om å høre med til en menighet. For oss gjelder det: bevisstheten om å høre med til Orkdal menighet eller Orkanger menighet eller Orkland menighet.

Istedetfor menighetsbevissthet kunne vi kalle det: menighetssans. Det vil da si: å ha sans og interesse for det som hører menigheten til, som hører vår egen menighet til.

Om vårt blad kunne hjelpe det fram hos hver enkelt av oss, ville bladet ha gjort sin misjon.

Det er meget arbeide som faller innenfor en menighets grenser. Å ha menighetsbevissthet er å gi sin interesse til noe av dette arbeide. Det er ingen mulighet for å favne alt og interessere seg for alt. Når man springer litt hit og dit, da blir ingenting gjort. Så får man velge ut et område og gjøre noe der. I søndagsskole, ungdomsforening, sykepleie eller hvad det er. Her er rum for de forskjellige gaver og interesser. Kom bare med.

Framfor alt er det ett arbeide som må nevnes: det direkte kristelige og kirkelige arbeide. Å ha menighetsbevissthet er å elske og arbeide for den

evangelisk-lutherske kirke i vår menighet. Og det er å kjenne ansvar for det kristelige arbeide i menigheten. Det er ikke bare prestene som skal kjenne sitt ansvar. De først og fremst, men ikke bare de. Vår kirke er en folkekirke og ikke en prestekirke. Hvert lem av menigheten burde ha sitt arbeide i menigheten.

Å ha menighetsbevissthet er å ha ansvar også for gudstjenesten i Herrens hus på Herrens hellige dag. Selv å besøke menighetens gudstjeneste og ta aktiv del i den, i bønn og sang. Det kirkelige liv i en menighet kan aldri gå fram i vekst og kraft, dersom det bare skal bero på en av tilfeldigheter og stemninger ledet tilhørerskare. Det må i Guds hus samles en fast stokk, en menighetsforsamling, hvis enkelte lemmer kjenner ansvar for prekenen, for salmesangen, for bønnestemningen o.s.v. og ikke bare vil nyte, men også yde.

Si ikke bare: «Idag var det en dårlig preken». Spør heller deg selv: «Hvad har du gjort for at den skal bli bedre?» Be for presten, før du kritiserer, så blir kritikken mere ekte.

Å ha menighetsbevissthet, det er å tenke: Idag er det et sådant strålende vær, at det er visst få folk i kirken. Derfor må jeg være der». «Idag regner det, idag snør det, idag er det så hårdt føre, at det kommer visst ikke mange til kirken. Derfor må jeg være der».

Det er meget arbeide som kaller på hjelp. Kjenn ditt ansvar og rekk en hjelpende hånd. Du blir velsignet dermed. Og du blir til velsignelse.

---

## *Muhammedanermisjonen.*

Møte i Orkanger bedehus torsdag 6. mars kl 20 ved sekretær Alfred Dahl.

Møte i Svorkmo misjonshus, søndag 9. mars kl. 20 ved sekretær Alfred Dahl.

---



## *Årsmøter.*

Søndag 13. januar 1952 vart halde årsmøte i Svorkmo Indremisjonsforening hos Marius Asbøll. Ny formann for 1952 vart Egil Åmot. Kasserar vart attvalt: Olaug Øverby. Styret for 1952: Egil Åmot, Marius Asbøll, John Lium, Olav Øvervik, Ingeborg Tronvoll, Jorunn Skjølberg, Olaug Øverby. Desse vart valt til å stelle med Yngresarbeidet: Jorheid Asbøll, Gunnbjørg Tronvoll. Medhjelparar: Leif Folvik, Egil Åmot, Olaug Øverby.

---

Lørdagskvelden 19. januar 1952 hadde Svorkmo I. U.F. og Svorkmo Røddelag årsmøte med festleg samvær i Årlivoll skule. Jørgen Lie leidde møtet. Han ynskte velkomen med eit kjent, kjært ord frå Bibelen. Johs. 14. 1: «Lat ikkje hjarta dykkar undrast, tru på Gud og tru på meg». - Ein trygg og rik lovnad for det ukjende året som ligg framfor oss.

Etter ein duettsong av John og Brage Fagerli, gjekk vi over til årsmøte for ungdomsforeninga. Sekretæren las årsmelding for 1951 og kasseraren greidde ut om rekneskapet.

Utfallet av røystinga vart slik: Attvalt til formann: Jørgen Lie. Kasserar: Gunnbjørg Tronvoll. Sekretær: Leif Folvik.

Styret for 1952: Jørgen Lie, Egil Åmot, Brage Fagerli, Erling Høston, Jorunn Skjølberg, Gerd Åmot, Oddlaug Høston. Innkrevjar av medlemskontingent: Liv Øpøien.

Straks etter heldt Røddelaget fram med sitt årsmøte.

Etter at årsmelding og rekneskap var lese, gjekk vi over til valg. Brage Fagerli vart attvald til formann. Ny styremedlem og nestformann: Håkon Kroksæther. Kasserar, attvalt Ingvar Grytdal. Sekretær: Signe Wahl.

Som eit motto for begge desse laga kan vi setja songstrofa: «Dei unge i Noreg må vinnast for Gud». - Gjev at arbeidet må lukkast i dagar og år som kjem.

Til sluttning hadde vi ei koseleg stund ved kaffebordet, vitnemål og song. «Skal vi møtes hist ved floden - der hvor ingen bølge slår?» Denne songstrofa prenta seg inn i minnet vårt frå årsmøtet. - Eit alvorleg spørsmål som vi let gå vidare til unge og gamle i bygda vår.

**Jorheid Asbøll.**

---

Ola Mirland ? Fremmen

# *Fra kirkeboken.*

**DØPTE i januar 1952:**

I Orkland kirke: 1. januar: Ola Elshaugmo f. 6. 11. 51. Birgit Tronvold f. 18. 11. 51. 27. januar: Ole Lillery f. 12. 12. 51. Solfrid Sivertsvik f. 3. 12. 51. Randi Karin Rise f. 5. 12. 51.

I Orkdal kirke. 1. jan.: Arnfinn Bye. Atle Ragnar Ekli. 6. jan.: Olav Ingvar Søderlund. Bjørn Oddvar Slupphaug. 13. jan.: Ola Lefstad. Leif Arne Ustad. Josten Pasche. 27. jan.: Bjørn Hansen. Alf Morken. Inger Dahl. Kari Johanne Ås

**VIGDE i januar 1952:**

I Orkland kirke: Ingen.

I Orkdal kirke: Ingen.

I Orkanger kirke: 12. 1. Gilbert Edgard Ofstad og Anne-Lise Eriksen. 26. 1. Leif Prestmo og Johanne Haukvik.

**DØDE i januar 1952:**

I Orkland: 14. jan.: Kristian Ingebrigtsen Gumdal f. 12. 2. 1870.

I Orkdal: 4. jan: Dødf. barn. 18. jan: Einar Paulsen. 13. jan: Randi Andersd. By. 15. jan: Sigrid Koksæter. 28. jan: Ida Marianne Gjønnes.

I Orkanger. 3. 1. Johanne Olsen f. 24. 12. 1885. 11. 1. Fanny Antonie Larsen, f. 9. 10. 1881. 16. 1. Martin Emil Martinsen, f. 19. 10 .1891.

---

# *Gudstjenester:*

**1. s. i faste, den 2. mars:** Råbygda forsamlingshus kl. 11: Skrondal.
Orkanger kirke kl. 11: Olsen og sekretær Lium, Det Blå Kors.
Hoston forsamlingshus kl. 11: Leergaard.

**2. s. i faste, den 9. mars:** Orkdal kirke kl. 11: Leergaard og pastor Arne Frisvold. Torshusstemne.
Orkanger kirke kl. 11: Skrondal.
Orkland kirke kl. 11: Olsen.

**3. s. i faste, den 16. mars:** Orkdal kirke kl. 11: Olsen. Årsmøte for Orkladal fellesforening for Indremisjonen.
Orkanger kirke kl .11: Leergaard.
Svorkmo misjonshus kl. 11: Skrondal.

**Midfaste søndag, den 23. mars.** Orkdal kirke: Ingen gudstjeneste.
Orkanger kirke kl. 11: Olsen. Nattverd.
Orkland kirke kl. 11: Leergaard. Nattverd.

**Marias budskapsdag, den 30. mars.** Orkdal kirke kl. 11: Leergaard. Nattverd.
Orkanger kirke: Ingen gudstjeneste.
Tokstadjårens forsamlingshus kl. 11: Olsen.